

nr. 4 - 2013

PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular

SKAPAR PÅ TVERS AV GRENSER

– Tre forfatterar frå tre land lagar
barnebøker om monstre. Korleis let
det seg gjere?

TEKST: TOYNI TOBEKK





Kunstnar, illustratør,
barnebokforfattar og
grafisk designar frá Island.

Foto: Áslaug Jónsdóttir

for kommunikasjon med forlag og redaktørar også. Men vi har også oppdaga at ingenting overgår workshopar der vi møtest personleg på Island, Sverige eller Færøyanne. Det er der vi verkeleg får snakka saman, godt og grundig. Dette er ikkje nokon billig arbeidsmetode, og prosessen med ei bok tek tre gonger så lang tid som når ein arbeider aleine. Der er mange avgjerder ein skal ta, og kvart spørsmål får tre svar som skal koordinerast. Dessutan er vi tre ikkje alltid på nettet samtidig. Men vi får igjen i form av fleire interessante synsvinklar, tankar og argument som vi ikkje ville ha fått fram viss ein var aleine om det.

Når det gjeld språket i samarbeidet, så er denne delen både morosam og uhyre lærerik. Vi lærer at det er nyansar i desse nærskylde

språka som vi ikkje ante var der. Det handlar sjølvsagt òg mykje om vår heilt personlege måte å bruke språket på. Vi er tre ulike forfattarar som arbeider med tekstar for store og små barn, med illustrasjon og teater. Andre forfattarar ville gjerne ha gjort det på ein annan måte.

Vi omset ikkje. Bøkene kan godt vere litt ulike i språket, det kjem an på kven som er forfattar. Vi er samde om kva som skal stå i teksten, men vi held på våre personlege måtar å framstille det på. Når vi arbeider med manusa våre, har vi fire spal-ter, med forteljinga på islandsk, færøysk, svensk og dansk. Dansk vart med som referansespråk, ettersom Kalle ikkje hadde lært islandsk eller færøysk. Men no kan han etter kvart ein heil del!

Det skjer rett som det er, at ein gjennom arbeidet på sitt eige språk

samtidig påverkar dei andre språka og dermed synsvinkelen i historia. Slik magisk makt kan ord ha: Ein liten nyanse, ein tone, kan forandre så mykje.

– Er det like stor skilnad i bilde-språket som i skriftspråket dei tre landa imellom?

No er det berre det som illustrerer i dette samarbeidet, og eg har vore svært glad for å kunne arbeide så tett saman med medforfattarane mine. Vi har endra tekst på grunn av bilde, og omvendt.

Vi har ofte sletta tekst og latt bilde fortelje det som trengst. Vi har i det heile prøvd å la tekst og bilde arbeide så godt saman som mogeleg. I monsterbøkene held vi både tekst og bilde i enkel stil, men vi vil gjerne gje god plass til tankar og refleksjonar.

I illustrasjonane ønskjer eg at lesaren merker kjenslene som monsteret har, på ein slik måte at vi ikkje treng å skildre dei i teksten. Ein kan òg godt leggje litt humor inn i illustrasjonane.

Bildestilen til monsterverda vår kom til allereie på det første skrivekurset vi hadde saman. Då hadde vi berre kort tid på oss til å lage eit utkast. Det var enkle, svarte silhuettar, laga med saks og kritfargar. Illustrasjonane mine er vanlegvis litt meir kompliserte, men eg malar til dømes gjerne på mørk eller svart botn, hentar lyset fram, lagar trykk, klypper og bruker blanda teknikk. Og til bokillustrasjonane mine har eg framleis ikkje brukt digital grafikk eller teikning. Eg bruker elles digital teknikk til ulike kommersielle oppdrag.

– Vi kjenner deg frå bøkene om Veslemonster og Storemonster, som du lagar saman med Rakel Helmsdal og Kalle Güettler. Kva rolle har kvar og ein av dykk i produksjonen?

Vi er alle forfattarar av tekstar og konsept. Alle tre skriv kvart sitt forslag til eit bokmanus som vi så arbeider saman på. Eg er også illustratør og bokdesignar og lagar bildeforteljinga og layouten. Sjølv om vi startar opp med tre ulike idear, så skjer det aller mest når vi sit saman og arbeider. Då kjem samansmeltinga; vi vender og dreier på det heile, konseptet blir klårare, tekstane meir konsentrerte. Vi arbeider med idear, skisser og tekst på alle tre språka på ein gong.

Vi held intensive workshopar og har då minst tre nye manus å jobbe med. Unntaket er den første boka, Nei, sa Veslemonster, der det første utkastet blei laga på eit kurs for nordiske forfattarar og illustratørar på Biskops Armö i Sverige i 2001.

– Helmsdal er frå Færøyanne, Güettler er frå Sverige og du frå Island. Korleis er det å jobbe slik på tvers av språk og geografi?

Geografien gjer at vi må stole på e-post, Skype og alle dei elektroniske verktøya. Slik er jo all kommunikasjon blitt etter kvart, det same gjeld



Det er noko heilt fundamentalt konkret med å ha papir, fargar og saks i handa. Men viss ein elskar å kunne gjere om eller legge glatte flatar, så må ein velje datamaskinen.

Eg trur saktens ein kan sjå skilnad på bildebokillustrasjonar i dei nordiske landa. Eg er svært begeistra for den flotte variasjonen av illustrasjonar og det høge kunstnariske nivået de har i Noreg. Norske illustrasjonar er meir gjennomarbeidde enn til dømes danske illustrasjonar, som har denne litt uhøgtidlege, skisseaktige teikninga — og kor dei også har ein del gutteaktig karrikaturteikning. Sverige held framleis mest på den lyse og lette tonen, kanskje noko blidare og enklare enn dei andre, men med fin humor og fargesans. Finland har også ein god del underfundig humor — og absolutt ein mørkare fargepalett. Kanskje er det fargane som skil landa? Men både på Færøyane og Island har ein måtta reise ut for å få seg utdanning, og derfor er det kanskje vanskelegare å finne den islandske illustratørstilen.

– Har barnelitteraturen høg status på Island?

Eg skulle ønske eg kunne seie ja, men eg må dessverre svare nei. Ein kan også spørje seg om barn har høg status på Island.

Eg høyrer stadig at vi skal skrive bøker som barn gidd å lese, slik at vi kan trene opp det ein kalliar framtidlesarane. Altså er det vaksenlitteraturen som er målet, ikkje dei heilt fantastiske bøkene ein kan lese heile livet: bøker som også er for barn, for ikkje å snakke om bøker med bildekunst.

Illustrasjonar skal ein ikkje bruke når barna kan lese sjølve. Det blir sagt at det kan frårøve dei fantasien. Eg, som sjølv blir svært inspirert av det visuelle, har vanskeleg for å forstå eit slikt synspunkt. Men eg forstår at ein dårleg illustrasjon kan ha like så negativ påverknad som ein dårleg tekst. Derfor må ein til dømes støtte illus-

tratørar og forfattarar som skriv for barn i eit lite språksamfunn som Island, kor royalties sjeldan er nok til å dekkje ei riktig løn. Og i denne samanhengen er illustratørar på botnen. Eg har vore heldig som multikunstnar, men vi er altfor få.

Det manglar også heilt klart meir grunngeven kritikk. Ein treng fleire utdanna kritikkarar, meir diskusjon og dekning for dei vaksne som formidlar bøkene. I eit program om litteratur i islandsk fjernsyn er barnelitteraturen ikkje med. Forklaringa er at det er så lite tid i fjernsynet. Og som alltid er det tida til barnekulturen som blir spart vekk.

Vi har derfor ikkje ein stor eller sterk stall med barnebokforfattarar. Det er nokre få som overlever og held stand, men bøkene deira druknar ofte i ein flod av dårleg omsette og bilde- og tekstfabrikkerte bøker, ofte maltrakterte, skrikande kulørte eventyr av brørne Grimm eller H.C. Andersen. Publikum som aldri høyrer snakk om god og dårleg barnelitteratur, kan jo ikkje sjå skilnaden. Innafor omgrepet kvalitet er det rom for mykje, også gamle eventyr. Om bøker av dårleg kvalitet forsvinn, gjer det ikkje noko for den totale floraen av bøker. Alle moglege bøker skal vere der, men dei må vere av god kvalitet.

– Kva jobbar du med no?

Eg sjonglerer med litt for mange idear for tida og har litt vanskeleg for å velje eit bestemt prosjekt. Eg har stoff til bildebøker, teater, bildekunst og bokkunst. Dessutan har vi i monsterbanden tre nye monstermanus i kverna.

– Kva inspirerer deg?

Alt! Dyret i mennesket, mennesket i dyret; naturen, havet og himmelen. Eg ser ei stemning eller eit bilde eg vil lage, eg høyrer klangen av ord eg vil skrive. Eg prøver gjerne å skildre og fange kjenslene, sinnet sine opplevingar — som i høg grad er undervurderte samanlikna med fomufta. Slik kan kjenslemessige reaksjonar berre bortforklarast som noko gjennomtenkt og rasjonelt.

Men eg undrar, når ein enno ser nasjonar på randen av krig på grunn av nokre menn si såra stoltheit: Burde ein ikkje snakke litt om kjensler i staden for å kome med alle dei langstrekke forklaringane? Eg trur heile verda ville bli meir fredsam viss folk las ei god barnebok før dei gjekk og la seg ...

– Kva likar du best, å illustrere eller å skrive?

Eg likar verkeleg begge deler. Eg synes det er ein helt vedunderleg kunst å leggje tankar i ord slik at det lyder godt og smakar godt på tunga. Men viss eg skulle velje mellom å aldri kunne skrive eit ord eller aldri m eg nok velje å behalde illustrasjonen. kunne skrive it ord eller aldri mle for meir fredsam viss folk las ei god barnebok før åle og teikne eit bilde, så ville eg nok velje å behalde illustrasjonen. Eit bilde kan jo seie meir enn mange ord! Eg ville framleis kunne fortelje, skildre og lage poesi i bilda. I tillegg har det noko med den lukkelege samankoplinga av hand og hjerne å gjere. Det er veldig tilfredsstillande å skape noko med hendene.

Du treng ikkje dyre hjelpemiddel, du kan teikne med kaffi, risse i brødsmlar eller doggen på spegelen. Du treng berre hendene dine og litt fantasi.



Bla i boka *Monster i mørket* http://skald.no/utgjevingar/monster_i_morket.html



DETTE ER IKKE
MIN HATT
Jon Klassen
Manschou 2013

Dette er ei humoristisk biletbok frå forfattaren som også gav ut boka *Jeg vil ha tilbake hatten min*

I *Dette er ikke min hatt* møter me ein liten fisk som stel hatten frå ein stor fisk som hadde sovna. Hatten passa jo mykje betre til den vesle fisken, og han blir jo sjølv sagt ikkje tatt. Innan den store fisken har vakna har så klart den vesle gøymt seg godt. Denne planenen må jo gå godt, eller? Boka er noko dyster i fargevalet og

og kanskje litt monotom — med heile fire, nesten heilt like, store illustrasjonar av den store fisken på rad. Rett nok endrar fisken ansiktsuttrykk undervegs, men det er likevel lenge til det skjer noko fysisk, og ein får ny aktivitet i historia. Likevel kan dette vere med på å gjere historia lett å fylgje med i, også for dei minste.

Lesaren vil uansett fylgje den vesle fisken med eit humorfylt blikk. Vil den nå inn i dei høge plantene for å

gøyme seg? Rekk han det? Og høyrer ikkje eigentleg hatten til den store fisken? Og han veit jo at det ikkje er rett å stele, kvifor gjer han det likevel?

Her er mange universielle spørsmål som borna kjenner frå eigen kvardag. Historia er god og markert, sjølv dei minste lesarane vil kunne fylgje i den. Og alle vil vel vere spente på kven som til slutt har hatten på hovudet?

2013
Judith Sørhus Litlehamar



TROLL MED ORD – LEIK MED SPRÅK I BARNEHAGEN

Arbeid med språk er ei av kjerneoppgåvene til barnehagar, og det er mange gode måtar i dette arbeidet. Bergetippen barnehage i Aukra kommune har utvikla metode og materiell for å auke barna sitt ordtilfang.

Ordtrolla Stein og Symre samlar på ord overalt. Ei natt kvar veke kjem dei til barnehagen og gøymer eit brev med nye ord, og dagen etter er alle barn frå 1 til 5 år på jakt etter trollbrev med ord i. Jakta på orda er spanande, og nye ord vert møtt med forventning. Orda vert så brukte i samtale med barna. Det er viktig at orda blir tekne med vidare i kvardagssamtalar i barnehagen og blir ein del av barna sitt vidare ordtilfang.

Orda kan vere konkrete, og då har ordet eit bilete ved sida av. For dei minste er det konkrete ord som vert brukte. Dei eldste kan få abstrakte omgrep i trollbrevet. Den dagen dei fekk orda framom, bakerst og ved sida av, laga dei straks ein leik; rekkefølgleiken. Gjennom leiken vart omgrepa repeterte, og forståinga av orda vart konkret og fysisk leika inn.

I språkprosjektet Troll med ord er det mange historier om Stein og Symre. Historiene er knytte til dei ulike fagområda i rammeplanen og illustrerte med fargerike teikningar. Gjennom spanande historier vert ulike ord presenterte for barna, og i samtale og refleksjonar kjem barna sjølv med ord og omgrep som blir tekne med

vidare. Orda må brukast ofte for at det skal bli levande språk.

Orda er oftast skrivne på nynorsk, men Stein og Symre samlar ord både på nynorsk, bokmål, fransk og somalisk!

To av historiene er trykte som bøker, og ordtrolla er produserte som tøyedokker til å leike med. For dei yngste er det laga solide peikebøker med illustrasjonar ein kan samtale mykje om. Det hender også at ordtrolla kjem med ei bok frå biblioteket sitt eller ein song med fine ord i. Metoden i Troll med ord kan brukast med bøker, vers, songar og anna materiell. Vi har erfart at når personalet er kreative, er det utruleg mange variantar av godt arbeid med språk og ordtilfang.

Barnehagen har arbeidd med denne metodikken i to år og gjort mange spanande erfaringar. Ut frå dette vert det no arbeidd med ein rettleiar til metodikken, med innhald knytt til forskning, fagområda i rammeplanen og konkrete erfaringar og eksempel frå arbeidet i barnehagen. Det er mange måtar å arbeide med språk på, og for Bergetippen barnehage er Troll med ord blitt ein inspirerende metode, der leik og læring går hand i hand med det mystiske og spanande. Vi har erfart at barn, foreldre og personale har fått auka språkmedvit og språkglede, slik målet vårt var.



BERIT DREJER ER
STYRAR I BERGETIPPEN
BARNEHAGE I AUKRA
KOMMUNE.

www.pirion.no

for deg som jobbar med barn

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

facebook/pirion @avisapirion

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no